



# Møtebok

Sak nr 41/2009

Møtedato: 9.9.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Godtgjersle for styret

Anne Live Garvik søker om å få dekka omsorgsgodtgjersle til barnepass i samsvar med kommunale satsar, dvs 140 kr/t for 2008. Fjellstyret har ein omsorgsgodtgjersle på 83 kr/t. For udokumentert tapt arbeidsforteneste er satsen 132 kr/t. Møtegodtgjersle er 440 kr/møte. Møtesats for kommunen er kr 525.

Fjellstyret si godtgjersle blir fastsett av kommunestyret etter framlegg av fjellstyret. Godtgjersle vart revidert i 2004 og er årleg indeksregulert. Fjellova § 7: *Fjellstyremedlemene skal ha ei rimeleg godtgjersle for arbeidet. Godtgjersla vert fastsett av kommunestyret etter framlegg frå fjellstyret, og vert utgreia av fjellkassa, jfr. § 11.*

Saka vart utsett i møte den 28.1.09 i påvente av gjennomgang av kommunale reglar. I sak 4/09 har kommunen vedteke nye reglar. Det vart berre gjort mindre endringar med omsyn til reisegodtgjersle for midlertidig busette utanfor kommunen.

### Gjeldande regelverk for godtgjersle til fjellstyret:

#### 1. Møtegodtgjersle.

Dag- og kveldsmøte, befaring, kurs o.l. blir godtgjort med kr 400,- pr. møte. Møtegodtgjersle inkluderar førebuing til møtet.

#### 2. Godtgjersle til fjellstyreleiar.

Fjellstyreleiar skal ha fast årleg godtgjersle på kr 15.000,- pr. år. Redusert leiargodtgjersla skal gjelde frå 2003.

#### 3. Vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Legitimert tap i inntekt for møte som gir godtgjersle etter punkt 1, blir dekka fullt ut.

Som legitimasjon for tap i inntekt må det leggast fram attest frå arbeidsgivar.

Tap i inntekt som ikkje kan legitimerast dekkast med kr 120 pr. time inntil 7,5 timer pr. dag. Alternativt kan tap i inntekt reknast etter skattbar inntekt året før (240 dagar/1800 timer).

Offentlig tilsette må ta ut dei avtalefesta rettane til fri med lønn før legitimert godtgjering blir gitt.

Krav om tap av inntekt må rettast skriftlig til administrasjonen.

#### 4. Omsorgsgodtgjersle.

Medlemmer som under møte/befaring må ha tilsyn med barn under 12 år, sjuke familiemedlemmer, funksjonshemma eller eldre skal ha kr. 75,- pr. time i omsorgsgodtgjersle pr. møte.

Som legitimasjon for omsorgsgodtgjersle må det leggast fram attest frå leigd hjelp. Krav om omsorgsgodtgjersle må rettast skriftlig til administrasjonen.

#### 5. Reisegodtgjersle.

Bruk av eigen bil blir godtgjort etter statens satsar. Utgifter til andre transportmidlar dekkast av fjellkassa. Medlemmene må skrive ut eigen reiserekning.

#### 6. Regulering av satsar.

Reglane skal gjelde frå 1.1.04 med unnatak av punkt 2 som skal gjelde frå 1.1.03. Satsane skal regulerast årleg etter endring av konsumprisindeksen og avrundast til nærmeste heile krone.

### Kommunale reglar vedteke i sak K 04/09:

#### 1. Fast årleg godtgjersle

##### 1.1 Ordførar

Ordføraren skal ha ei fast årleg godtgjersle i % rådmannen si årsløn. Prosentsatsen skal tilsvare den tida ordføraren brukar på vervet. Denne godtgjersla dekkjer møtegodtgjersle og erstatning for tap i arbeidsinntekt.

##### 1.2. Varaordførar

Varaordførar skal ha ei fast godtgjersle på 5% av den løna rådmannen har.

Når varaordførar gjer teneste som ordførar over lengre tid, skal han/ho ha godtgjersle som tilsvrar den satsen som gjeld ordførar.

##### 1.3. Formannskapet

Medlemmene i formannskapet, med unntak av ordførar og varaordførar, skal ha ei fast årleg godtgjersle tilsvarende 4% av rådmannen si løn.

#### **1.4. Utvalsleiarar**

*Utvalsleiarar skal ha slik fast godtgjersle, rekna etter den løna rådmannen har:*

- utval med over 12 møte pr. år - 2%
- utval med 6-12 møte pr. år - 1%
- utval med 1-6 møte pr. år - 0,5%

#### **2. Møtegodtgjersle**

*Medlemmene i kommunestyret og kommunale utval skal ha ei møtegodtgjersle på 1 promille av rådmannen si årløn.*

*Ved møte på kveldstid har ordførar rett til avspasering time mot time.*

*Reglane om møtegodtgjersle gjeld også ved synfaringar og liknande.*

#### **3. Reisegodtgjersle**

*Utgifter til skyss, kost og overnatting ved reiser i samband med ombodet blir godtgjort etter satsane i det kommunale reiseregulativet.*

*Kommunen vil normalt også dekke reisekostnadane for dei som oppheld seg utanfor kommunen pga arbeid, utdanning eller avtening av verneplikt ol.*

#### **4. Vederlag for tapt arbeidsforteneste**

*Legitimert tap i ordinær inntekt som ombodet fører med seg blir dekka fullt ut, inntil eit beløp tilsvarende 6 promille av årløna til rådmannen.*

*Ulegitimert tap blir dekka inntil eit beløp tilsvarende 2 promille av årløna til rådmannen.*

*Heimearbeidande, studentar, pensionistar og personar som arbeider frilans m v kan krevje slik dekking.*

#### **5. Omsorgsgodtgjersle**

*Folkevalde som under møte/synfaring må ha særleg tilsyn med born under 12 år, sjuke familiemedlemmer, funksjonshemma eller eldre kan få omsorgsgodtgjersle pr møte på inntil 2 promille av årløna til rådmannen.*

#### **6. Pensjon**

*Kommunen dekkjer pensjonsordning for ordføraren.*

I sak 13/09 gjorde fjellstyret slikt vedtak:

*Kari Tyldum og Kjell Magne Snortheimsmoen legg fram utkast til nytt reglement for møtegodtgjersle til neste møte.*

Arbeidsgruppa la fram utkast til reglement som følgjer kommunen sitt regleverk og at fjellstyreleiaren får ei årleg godtgjersle på 3,5 % av rådmannen si årlønn.

#### **Vedtak:**

Med heimel i § 7 i fjellova tilrår fjellstyret at kommunen vedtek at fjellstyret følgjer kommunalt reglement for godtgjersle og at fjellstyreleiaren får ei årleg godtgjersle på 3,5 % av rådmannen si årlønn.

Einstemming vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 21.9.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune